

Møtebok frå Nysæter sokneråd 15. februar 2020

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Laurdag 15. februar 2020 <u>Kl. 09.00 -15.00</u>
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Mat:	Karen Marie Valvatne (kaffimat). Det vert bestilt suppe mm.
Opning:	Jørgen Knudsen

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Katrine Valvatne Kvernenes, Heine Kaldefoss, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten.

SAKLISTE

2020/10- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent med dette tillegget til «Skriv, referat og meldingar»:

Pkt. 4: Konfirmanttreff 18.2.2020, kl 17-19.

2020 / 11-012.1:Godkjenning av protokoll frå møte i Nysæter sokneråd 28.1.2020.

Godkjent med desse merknadene:

Frå no av heiter referatet «møtebok».

Sak 2020/06-370: Kyrkjemiddag på bedehuset 15.mars. Oddbjørg vert ansvarleg for å informera event, samla komiteen.

2020/12-120:Mandat arbeidsutval

Arbeidsutvalet (AU) ynskjer at soknerådet skal ta stilling til om det er tenleg at AU får delegert mynde (jf kyrkjelova§8) til å ta avgjerd i daglegdagse saker der slik avgjerd vert vurdert kurant (t.d. utleige av kyrkja) eller der avgjerd må takast før soknerådet igjen samlast ,og vedtaket ikkje er av prinsipiell art. Avgjerder som er tekne med heimel i denne fullmakta, skal refererast i førstkomande møte og protokollførast som utvalssak.

Vedtak: Arbeidsutvalet (AU) har ansvar for å førebu sakliste og saker for handsaming i soknerådet, og skal følgje opp vedtak gjort av soknerådet mellom møta der det ikkje er sett andre ansvarlege for gjennomføring av vedtaket. AU får òg delegert mynde (jf kyrkjelova §8) til å ta avgjerd i daglegdagse saker der slik avgjerd vert vurdert kurant (t.d. utleige av kyrkja) eller der avgjerd må takast før soknerådet igjen samlast, og vedtaket ikkje er av prinsipiell art. Avgjerder som er tekne med heimel i denne fullmakta skal refererast i førstkomande møte i soknerådet. Det skal lagast protokoll over avgjerdssaker som vert handsama av AU.

2020/13-360:Budsjett 2020

Vedlegg 1

Soknerådet fekk ein førebels gjennomgang av budsjettet i møte 28.januar. Ut frå innspel og drøfting vert det lagt fram eit redigert budsjett på dette møtet. Me tek oss tid til ny gjennomgang og drøfting. Det vedtekne budsjettet vert eit arbeidsdokument for den vidare drifta til soknerådet kommande kalenderår.

Vedtak: Soknerådet vedtek det framlagde budsjettet.

Møtebok frå Nysæter sokneråd 15. februar 2020

2020/14-012: Strategiplan

Vedlegg 2

Ein strategiplan for soknerådet handlar om kva saker me ynskjer å ha fokus på og kva me særleg vil jobba med denne soknerådsperioden. Det førelåg nokre oppsummerande tankar frå strategiarbeidet nov 2017 og ei oversikt over kva for arbeid som vert drive i soknet no.

Metoden «Kafè dialog» vart nytta i drøftinga der alle var gjennom emna trusopplæring, diakoni, kyrkjemusikk og kultur, økonomi, gudsteneste.

Spørsmålsstillinga til alle områda var:

Kva vil me halde fram med? Kva får me til? Kva er me gode på? Kva drøyer me om? Kva saknar me?

Vedtak: Marit Grimstad og Oddbjørg Løkling samlar alle innspela/ notata, redigerer desse og lagar framlegg til eit prioritert arbeidsdokument.

Arbeidsdokumentet /strategiplanen vert vedteken på soknerådsmøtet i april.

Dokumentet skal drøftast i byrjinga av kvart kalenderår.

- **Drøftingssaker:**

- **Årsmøtet 8.mars 2020**

Startar kl 12.15. Kyrkjekontoret set inn annonse, Marit Grimstad føl opp. Kontoret trykkjer opp årsmelding som vert lagd ut i kyrkja to veker før årsmøtet. Marit Grimstad leiar årsmøtet.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Brev frå NMS (orientering på møtet)
2. Referat frå fellesrådsmøte 12.februar
3. Referat frå trusopplæringsutvalet
4. Konfirmanttreff 18.2.2020, kl 17.00-19.00

Vedlegg 3

Vedlegg 4

- **Orienteringssaker:**

1. Orientering frå kyrkjelydsarbeidet
2. Oversikt over vårsemesteret i Nysæter kyrkjelyd

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsleiar
Sign

Oddbjørg K. Løkling
Nestleiar /referent
Sign

Neste møte i soknerådet
vert 14.april 2020
Opning: Marta Kristin
Mat: Randi Bod Haugsdal

BUDSJETT NYSÆTER 2020

Inntekstkonto	Kostnadskonto	Beskrivelse	Budsjett 2020		Budsjett 2019		Rekneskap 2019	
			Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
		Total	363000	363000	364000	366000	386873	-461251
		Balance						-74378
		1: Overføring FR Diakoni og trusopplæring	28000	28000				
6109		Deltakarbetalning T-dagar	5000		1000		5550	
8601		Takkoffer Diakoni	8000		10000		7826	
8602		Takkoffer trusopplæring	15000		9000		18894	
	4401	Overføring til FR		28000		20000		-32112
		2: Takkoffer / innsamling til andre	160000	160000				
8650	4650	Takkoffer til eksterne organisasjoner	90000	90000	80000	80000	92509	-92189
8651	4651	Fasteaksjonen	35000	35000	35000	35000	31953	-31927
8652	4652	Misjonsprosjektet	35000	35000	30000	30000	37958	-37927
	4700	Tilskott/ stønad andre org.				1000		
		3: Kyrkjelydsarbeid	145000	115000				
8600		Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	45000		60000		42610	
8606		Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet	10000		10000		13571	
8700		OVF - midlar prosjekt	35000					
6200		Arrangement inntekter	10000		10000		40796	
6201		Basar / fondsmidlar	44000	35000	109000		84620	
	1101	Konfirmantfest		1000		1000		-441
	1106	Barne og ungdomsarbeidet		10000		10000		
	1107	Lokale diakonale tiltak (mat og prat mm.)		10000				
	1201	Velferdstiltak, gåver ol.		4000		2000		-4177
	1202	Mat, servering, kyrkjekaffi osv.		10000		15000		-14624
	1207	div. andre utgifter		1000		2000		
	1400	Annonser		3000		1000		-3016
	1401	Kyrkjeblad (NY tidl. 4654)		15000		1000		
	1402	Informasjonsmateriell						
	1500	Kurs		10000		10000		-7625
	1501	Arrangement ugifter (NY)		8000		5000		-22993
	2000	Innbu, utstyr, bøker		2000		1000		-1606
	2001	Basarføremål, avsetning til fond				99000		-84620
	2002	Teknisk utstyr		0		1000		
	2003	IKT - lydutstyr		0		1000		-30844
	2005	Kunst, utsmykking, teksti, liturgisk utstyr				1000		
	2304	Vedlikehald innbu / utstyr		0				
	4653	Basarutgifter, innsamlingsutgifter		5000		10000		-770
	4654	Skjønsmidlar eige arbeid (NY) (Spira 2019)		1000				-22500
9000	5300	Renter	1000	0				-212
	1301	Gebyr						
								-1500
		4: Kyrkjemusikalsk arbeid / konsertar osv.	30000	60000				
6202		Billettinntekter	20000					
8604		Takkoffer kyrkjemusikalsk arbeid	10000		10000		10586	
	1102	Kyrkjemusikalsk arbeid ved kontor		50000		30000		-55377
	1502	Arrangementsutgifter, konsertutgifter (NY)		10000		10000		-16791
	1105	Kyrkjelyd/ kulturarr.				5000		